

Mars 2023

# Samhandlingsnytt

Kjære leser

Vi går mot vår og lysare tidar, så sjølv om vinteren framleis er lunefull og kjem med snø til oss så er det håp!

I denne månadens Samhandlingsnytt får de høyre litt om pågåande arbeid både internt i Helse Førde, arbeid i Helse Vest og arbeid saman med kommunar og utdanningsinstitusjon i Sogn og Fjordane. God lesnad!

## Erfaringskonferanse, somatikk

Erfaringskonferansen 2023 vert arrangert på Thon Hotell Jølster på Skei 8. og 9. juni 2023 av Sogn og Fjordane helsefellesskap.

Også i år er tema for konferansen tett knytt til praksis, og vil i hovudsak dreie seg om pasientgruppa skrøpelege eldre i vekslingsfeltet mellom spesialist- og kommunehelsetenesta.

Konferansen legg opp til lokale innleiarar rundt praksis i vårt område, saman med gruppearbeid og nettverksbygging. Resultat frå gruppearbeida vil bli brukt i arbeidet med revisjon av gjeldande samarbeidsavtaler og rutinar.

Målgruppa for konferansen er tilsette og leiarar i sjukehus og kommune som har sin arbeidskvartdag i dette «samhandlingsrommet» og andre interesserte.

[Meld deg på her!](#)

God påske!



## Kontakt

### Nettstad

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane>

[www.samhandling-sfj.no](http://www.samhandling-sfj.no)

### Kontaktperson

Samhandlingssjef Helse Førde  
[Dagrun Kyrkjebø](#)

## Fast sak

### Møter i Sogn og Fjordane Helsefellesskap

Fagleg samarbeidsutval

27. april 2023

Strategisk samarbeidsutval

31. mai 2023

### Møter i felles brukarutval

20. mars 2023

7. juni 2023

## Siste nytt frå:



### Sogn og Fjordane helsefellesskap

I løpet av årets første månader har [Sogn og Fjordane helsefellesskap](#) gjennomført møter i fagleg samarbeidsutval i Sogndal i januar og eit digitalt møte i strategisk samarbeidsutval i februar. Her vart mellom anna [handlingsplan](#) for helsefellesskapet for perioden 2023 – 2024 vedteken.

Fredag 3. mars 2023 vart Partnarskapsmøtet arrangert på Scandic Sunnfjord hotell og spa med administrative og politiske leiarar frå 14 kommunar i helsefellesskapet og deltaking frå styret og føretaksleiinga i Helse Førde. Tema for møtet var kompetanse og rekruttering. Vi var så heldige at vi hadde med oss prorektor Anne-Grethe Naustdal frå HVL som presenterte Helsepersonellkommisjonen sin NOU: «Tid for handling». Møtet var prega av stort engasjement frå alle deltakarane, både i panelsamtale og frå salen. Møtet vart avslutta med synfaring i Livabygget - nye Førde sjukehus.

### Felles brukarutval

Innvolering og medverknad frå brukarane av tenestene er viktig for å sikre gode og likeverdige helse- og omsorgstenester. Brukarutvalet skal sjå til at den brukarmedverknaden som er omtalt i lovverket og i overordna samarbeidsavtale mellom Helse Førde og kommunane vert ivareteken. Utvalet skal bidra med kunnskap for å utforme og gjennomføre tenestene. Utvalet skal også aktivt medverke til utvikling, innovasjon og forbetring av tenestene. I januar 2023 vart nytt felles brukarutval utnemnt og første møte vart halde i slutten av januar.

Biletet under er teke på bli-kjend-samlinga for det nye brukarutvalet 23.januar i år.



Framme frå venstre mot høgre; Gerd Torkildson, Ruth Berit Garfors, Cindy Litlabø, Solfrid Fossberg, Elin Therese Sørbotten, Marita Aarvik (leiar), Gunn Karin Sande, Linda Blålid

Bak frå venstre mot høgre; Øystein Jarle Wangen, Jan Tore Odd (nestleiar), Arne Hovland, Stein Erik Øvrebø (skjult), Magne Sellevold, Grethe Fischer, Michael Milde, Cecilie Uberg-Helle

Heilt bakerst; Eirik Dahl, Tom André Faye

Ikkje til stades: Lene Hetle, Øystein Ryning, Børge Tvedt

### Praksiskonsulentane



Praksiskonsulentane i Helse Førde har mange ballar i lufta når det gjeld samhandling – hovudsakleg mellom allmennlegetenesta og sjukehusa. Nettsida til PKO er oppdatert og her finn

ein oversikt over aktuelle viktige saker som blir formidla ut til allmennlegekorpset. Kopi går også til mange sentrale samarbeidsparter i Helse Førde.

Hovudsida med info om PKO-ordninga, praksiskonsulentane i Helse Førde, og som gir tilgang til alle aktuelle lenker inkludert dei som kjem under her.

## Praksiskonsulentordninga (PKO) - Helse Førde

### Aktuelle saker – dei nyaste øverst

### PKO kalender med aktuelle samhandlingskurs aktuelle for allmennlegar

## **Samhandlingsbarometeret**

### Fastlegeordninga

Nye tal publisert av Samhandlingsbarometeret viser ein auke i tal ubesette fastlegestillingar dei siste åra. Utfordringane knytt til rekruttering har òg auka i større bykommunar.

Fastlegeordninga har kome under press dei seinare åra i takt med at arbeidsmengda har auka. Mange stader har det vore mangel på søkerar til stillingane, og mange kommunar blir avhengige av innleige av korttidsvikrar som både er kostbart og gjev mindre stabilitet. Talet på ubesatte fastlegestillingar har auka dei siste åra, men dette varierer både over tid og mellom kommunane. Tradisjonelt har rekrutteringsutfordringane vore størst i mindre utkantkommunar, men den siste tida har dette også omfatta større bykommunar. Samhandlingsbarometeret publiserer tal frå Helsedirektoratet sine nasjonale kvalitetsindikatorar som viser stor auke i talet på ubesatte avtaler dei siste åra. Frå 2015 til 2021 har talet meir enn dobla seg, ved at talet på ubesatte avtaler har auka frå 162 til 342 på landsbasis.


Tala viser òg at andelen med spesialisering i allmennmedisin har auka frå 58 til 64 % i den same perioden. Spesialistutdanninga er eit 6,5 års utdanningsløp i etterkant av autorisasjon som lege. Utdanninga skal sikre god kompetanse i praksisen, og gjev større fagleg tryggheit for både fastlege og pasient. Kompetanseforskrifta krev at alle fastlegar som startar etter 2017 skal vere spesialist eller under spesialisering i allmenmedisin.

Forsking viser at eit langvarig behandlingsforhold (kontinuitet) mellom fastlegen og ein pasient gir betre samarbeid, større opplevd tilfredsheit, betre førebygging, meir omfattande behandling og mindre dobbeltbehandling. Studier har vist at

### Kart vis:

- Andel fastleger med spesialitet
- Antall ubesatte avtaler
- Fastlegestabilitet gj.sn. år

- Øvre
- Midtre
- Nedre
- Manglar data



kontinuitet i lege-pasient-forholdet gjev redusert dødelegheit, spesielt mellom eldre pasientar, og redusert bruk av spesialisthelsetenester, sjukehusinnleggingar og legevaktbesøk.



## Samarbeid om utdanning

Høsten 2021 starta Høgskulen på Vestlandet (HVL) opp masterutdanning i avansert klinisk allmennsjukepleie (AKS). Denne utdanninga er svar på eit veksande behov for kompetanse, særleg i kommunehelsetenesta og er retta mot eldre pasientar med langvarige og samansette behov. Sjølv om masterutdanninga hovudsakleg er meint for å styrke kommunehelsetenesta, er den og aktuell for sjukepleiarar som arbeider i spesialisthelsetenesta.

Sjukepleiarane blir utdanna til å sjå heilskapen, både hos pasienten og i systemet. Studentane får vurderings- og beslutningskompetanse innan dei vanlegaste sjukdommar og lidninga, dei fungerer som koordinator, fagleg støtte og rettleiar andre kollegaer. For å oppnå læringsutbytte definert i Forskrift om nasjonal retningslinje for masterutdanning i avansert klinisk allmennsjukepleie er det viktig å nytte kunnskap og ferdigheter i praksis. Hausten 2023 skal dei første studentane ut i 12 vekers praksis i ulike delar av helse- og omsorgstenesta. Tett samarbeid mellom kommunane, spesialisthelsetenesta og HVL vil vere avgjerande for å legge grunnlag for god praksis for studentane og utvikling av framtidas yrkesrolle som avansert klinisk allmennsjukepleiar.



## Regionalt forbettingsprosjekt i Helse Vest:

### Koordinator i spesialisthelsetenesta

Helse Vest RHF har starta eit forbettingsprosjekt med forankring i Regional plan for habilitering og rehabilitering. Målet er å styrke samarbeidet med kommunane ved å forbetre implementeringa av den lovpålagte koordinatorordninga i spesialisthelsetenesta. Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering leiar prosjektet på vegne av Helse Vest. Helse Førde og Helse Bergen er valt som pilotføretak. Prosjektgruppa er sett saman av deltakarar frå Helse Førde og Helse Bergen, representantar frå kommunane i opptaksområda til føretaka og brukarrepresentantar. Prosjektet er no i innsiktsfasen og ønsker å identifisere kvifor koordinatorordninga i spesialisthelsetenesta ikkje fungerer etter intensjonen, og har i samband med dette arrangert workshop både i Bergen og i Førde. Workshoppen i Førde blei arrangert 21.mars på Sunnfjord hotell med 50 engasjerte deltakarar frå helseføretak, kommunar, pasient- og brukarombod og brukarrepresentantar. InnoMed sikra god organisering av samlinga, med gruppearbeid og prosess som skal hjelpe prosjektet vidare. Gruppene måtte m.a. svare ut utfordringane under:

<b>Rutiner</b>  Hvordan kan vi... få på plass et verktøy for å identifisere hvem som har behov / rett på koordinator, og hvor ansvaret skal plasseres?	<b>Kompetanse</b>  Hvordan kan vi... sikre tilstrekkelig kompetanse om hva KO innebærer, og hva den ikke innebærer?	<b>Helsepersonell</b>  Hvordan kan vi... Sikre ledelsesforankring av KO i enhetene?
<b>Organisering</b>  Hvordan kan vi... Formalisere KO ute i avdelingene?  Hvordan kan vi tydeliggjøre roller og forventinger til KE overfor enheter, kommune og pasienter?	<b>Pasient</b>  Hvordan kan vi... Identifisere aktuelle pasienter til koordinatorordningen slik at de også får informasjon om sine brukerrettigheter?	<b>IKT</b>  Hvordan kan vi... Sikre at tilgjengelige IKT- system for dokumentasjon av registrering/oppnevning av koordinator blir tatt i bruk?

Prosjektet skal lage ein tenestemodell som skal piloterast i Helse Førde og i Helse Bergen.

Dette er eit viktig prosjekt og vi ønskjer lukke til med vidare arbeid!